

Bacheloroppgåve

Barnehagestart

Solbjørg Kristine Stokken

Høgskulen i Volda

Forord

Denne oppgåva er ei bacheloroppgåve som er gjennomført 3. året ved Høgskulen i Volda. Eg vil nytte dette høvet til å takke dei som har hjelpt meg.

Ein stor takk går til dei barnehagane eg fekk kome å intervju i. Spesielt vil eg takke dei pedagogiske leiarane som stilte opp og sa ja til å bli intervju. Utan dei hadde eg ikkje fått den verdifulle erfaringa og kunnskapen eg no har tileigna meg.

Eg har også lyst til å takke min rettleiar, Liv Ingrid Håberg, som har vore ei god støtte og til stor hjelp. Av henne har eg fått god og solid rettleiing og tilbakemelding under heile prosessen.

Til slutt vil eg takke min far og Bertine Bø. Eg set stor pris på at de har lest over og har korrekturlest oppgåva mi.

Innholdsliste

1.0 Innleiing	1
1.2 Problemstilling og formål.....	2
1.3 Avgrensing og oppbygging	2
2.0 Kunnskapsgrunnlaget	3
2.1 Samfunnsmandatet	3
2.2 Forsking.....	4
2.3 Teoretiske perspektiv på problemstillinga	5
2.3.1 Tilknytning	5
2.3.2 Foreldresamarbeid	7
3.0 Metode.....	10
3.1 Tilnæringsmåte.....	10
3.2 Val av metode.....	10
3.2.1 Intervjuguide	11
3.3 Val av informantar	11
3.4 Gjennomføring av datainnsamling	12
3.5 Analyse.....	13
3.6 Validitet, reliabilitet og generalisering.....	14
3.6.1 Validitet.....	14
3.6.2 Reliabilitet	15
2.6.3 Generalisering	15
3.7 Etske omsyn	15
4.0 Presentasjon av empiri	16
4.1 Tilknytning i barnehagen	16
4.2 Foreldresamarbeid.....	18
4.3 Oppsummering	20
5.0 Drøfting	21
5.1 Tilknytning	21
5.2 Foreldresamarbeid	23
6.0 Avslutning	26
7.0 Litteraturliste	28
8.0 Vedlegg	30

8.1. Intervjuguide	30
8.2 Samtykkeskjema om deltaking.....	32

Samandrag

Temaet for denne oppgåva er det å skulle byrje i barnehage for dei aller minste i tydinga barn på eitt og to år. Problemstillinga mi er: «Korleis leggje til rette for ein trygg og god overgang heim-barnehage?». Her ligg det fleire faktorar som spelar ei rolle, og dei eg har valt å fokusere på er tilknytning og foreldresamarbeid. Innanfor desse har eg valt blant anna Bowlby, Drugli og Bø som relevant teori og litteratur for å belyse problemstillinga mi. I kunnskapsgrunnlaget presenterer eg kva samfunnsmandatet til barnehagen, i tillegg til forskning, seier om tilknytning og foreldresamarbeid. Deretter blir det belyst kva dette er, kvifor dette er viktig og korleis ein kan leggje til rette for dette.

For å samle inn data gjennomførte eg kvalitative forskingsintervju. Eg intervjuar tre pedagogiske leiarar på småbarnsavdelingar som har hovudansvaret for dei barna som skal byrje i barnehagen for første gang, og deira overgang. Her fekk eg blant anna vite kva dei legg i tilknytning og foreldresamarbeid, korleis dei jobbar med dette, kva dei tykkjer er viktig og rutineane deira for dette arbeidet.

I drøftingskapittelet blir teori og empiri knytt saman. Kvifor tilknytning og foreldresamarbeid er viktig i barnehagen og korleis leggje til rette for dette, i lys av problemstillinga, blir drøfta her.

1.0 Innleiing

Ifølgje SSB går 80% av alle barn i aldersgruppene eitt til to år i barnehage (Statistisk Sentralbyrå, 2014). Dermed er det viktig at ein har kunnskap om desse små barna slik at det kan bli lagt til rette for eit godt barnehagetilvere for dei. Dette er også årsaka til kvifor eg har valt å fokusere på eitt- og toåringar i denne oppgåva.

Tema valde eg ut i frå mine interesser og kva eg tykkjer er viktig og spanande. I tillegg ville eg nytte denne moglegheita til å lære meir om noko vi ikkje har hatt så mykje om på skulen. I staden for å gå meir i djupna av noko, ville eg skaffe meg ein breiare kunnskap. Ifølgje Drugli (2014) finst det lite forskning, både nasjonalt og internasjonalt, på tilvenningsperioden i barnehagen. Dette er likevel noko eg tykkjer er veldig viktig å ha kunnskap om.

Eg hadde ikkje jobba i barnehage før eg byrja på barnehagelærerutdanninga, men eg fann fort ut at eg var på rett utdanning. Da eg var i praksis på mitt andre studieår, var det eit barn som skulle byrje på den basen eg var på. Han og foreldra kom innom slik at han kunne få sjå og leike for å bli kjent der. Her var dei ein stund før dei gjekk heim att, og slik gjorde dei det fleire gongar.

Det var ein assistent som hadde ansvaret for å vere mest saman med dette barnet. Årsaka var at ho var den einaste av dei tilsette på den basen som hadde ei 100% stilling. Eg fekk ikkje med meg mykje av denne tilvenningsprosessen, sidan han byrja i ein anna barnegruppe enn den eg var i, men det fekk meg til å innsjå at dette kan eg ikkje nok om. Eg er ikkje trygg på korleis ein sikrar ein trygg og god overgang for dei nye småbarna som skal byrje i barnehagen. Dei går jo frå å vere heime i kjende omgjevnadar til ein ny stad med nye menneske.

Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (2011) seier mykje om foreldresamarbeid og korleis personalet sine haldningar og veremåte ovanfor barna må vere. Men det står ingenting om korleis ein skal ta i mot nye barn, korleis denne prosessen skal gjennomførast og om tilvenningsperioden. Gjennom denne oppgåva har eg tileigna meg meir kunnskap om dette, og eg håpar andre også kan bli inspirerte.

1.2 Problemstilling og formål

På bakgrunn av interessa for å lære meir om overgangen til å begynne i barnehagen, er problemstillinga mi: «Korleis kan ein sikre ein trygg og god overgang heim – barnehage?»

Med overgang frå heim til barnehage meiner eg å gå frå det å vere heime, med sine foreldre i kjende og gjerne rolege omgjevnadar, til å begynne i barnehagen, der alt er ukjent. Barnet skal blant anna bli kjent med nye menneske, nye rutinar og nye omgjevnadar. I tillegg vil det, i barnehagen, ikkje ha tilgang til foreldra på same måte. Korsbrekke (2014) skriver at det å venne seg til eit nytt tilvere i barnehage kan vere tøft for eit barn. Så korleis kan ein leggje til rette for barnet og gjere denne overgangen god?

Formålet med denne oppgåva er altså å finne ut kva ein som pedagogisk leiar kan gjere, for at overgangen for barnet kan bli god. Korleis kan ein gjere barnet vant med og trygg på å vere i barnehagen? Kva rutinar har barnehagar? Blir det jobba med tilknytning? På kva måte? Kor lenge har dei tilvenning? Korleis samarbeider dei med foreldra? Dette er noko av det eg har jobba for å finne ut av.

Eg ønskte å lære gjennom denne prosessen slik at eg, som komande barnehagelærer, ein dag kan leggje til rette for ein trygg og god overgang og barnehagestart for dei nye småbarna. Eg ønskjer å vere førebudd til å gi dei ein trygg kvardag, sjølv om mykje er framandt og nytt for dei.

1.3 Avgrensing og oppbygging

Eg har valt, for å avgrense oppgåva, å ta utgangspunkt i korleis den pedagogiske leiaren kan leggje til rette for ein trygg og god overgang for barnet. Dette er eit relevant perspektiv fordi barnehagelæruddanninga kvalifiserer til stilling som pedagogisk leiar.

Den aldersgruppa eg har valt meg ut er, som vist til tidlegare, barn på eitt og to år. Det er deira overgang som er sentralt tema i oppgåva. Men moment som gjeld overgangen for småbarn kan også vere relevant kunnskap å ta med seg vidare når det gjeld overgangar for eldre barn.

Det er fleire faktorar som er viktig i barnet sin overgang, men eg har avgrensa oppgåva til å fokusere på foreldresamarbeid og tilknytning. Ut i frå mi forståing og den erfaringa eg har frå praksis, er det dette eg tenkjer er sentralt når eit nytt barn skal byrje i barnehagen. Tilknytning har eg lært og erfart er grunnleggjande når ein er så liten. Foreldresamarbeid er både fordi det

er foreldra som kjenner barnet sitt best, og fordi barnehagen er forplikta til dette gjennom Barnehagelova (2005) og rammeplanen. Når eg i oppgåva skriv foreldre så er det snakk om barnet sine næraste omsorgsgivarar, også føresette.

Vidare i denne oppgåva kjem eg i kapittel 2 til å gjere greie for kunnskapsgrunnlaget for oppgåva, som består av aktuell forskning, politiske styringsdokument og relevant teori. I kapittel 3 skriv eg om mitt val av metode og refleksjonar rundt det. Her blir også gjennomføringa av datainnsamlinga vist. Deretter blir empirien presentert i kapittel 4, før eg drøfter funna ved å knyte det opp mot teori i kapittel 5. I kapittel 6 kjem eg til å samle trådane og summere opp i ein avslutning.

2.0 Kunnskapsgrunnlaget

I denne delen av oppgåva blir tre aspekt som gjeld problemstillinga framstilt. Først kjem samfunnsmandatet, kva det seier om tilknytning og foreldresamarbeid. Så kjem forskning om korleis barn reagerer på å byrje i barnehagen, samt tilvenningsperioden. Og til slutt kjem teori om tilknytning og foreldresamarbeid.

2.1 Samfunnsmandatet

Samfunnsmandatet til barnehagen viser til Barnehagelova og rammeplanen. Som nemnt i innleiinga, så seier ikkje desse noko om tilknytning og korleis leggje til rette for ein god overgang til å byrje i barnehagen. Noko det derimot står om er personalet sin veremåte og haldning til barn, noko som også vil vere relevant i samband med barna sin tilvenningsperiode. Barnehagelova seier: «Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap» (Barnehageloven § 1 Formål, 2. og 3. ledd).

Rammeplanen seier er at barn gir uttrykk for korleis dei har det både verbalt og nonverbalt. Dei yngste brukar kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk til å formidle sine synspunkt. Når barna gir uttrykk for kjensle, skal dei takast på alvor.

Ein sentral del av samfunnsmandatet er at det skal vere eit samarbeid mellom barnehagen og foreldra. Det står: «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Barnehageloven § 1 Formål). Rammeplanen bygger på dette og seier i tillegg at eit godt samarbeid mellom heimen og barnehagen er avhengig av gjensidig openheit og tillit. Foreldra må vite at dei kan ta opp det som er viktig for dei angående barnet og barnehagen, også det som er negativt (Kunnskapsdepartementet, 2011).

Rammeplanen seier vidare at det er personalet sitt ansvar at foreldra får nødvendig informasjon om og grunngjeving for barnehageverksemda. Personalet har også ansvar for å invitere dei til medverknad. Barnehagen må sørge for at alle barna blir sett og respekterte og får delta i eit fellesskap som gjer dei godt. Det må foreldra kunne stole på. Foreldra må også kunne fortelje det dei ventar og ønskjer, både som enkeltpersonar og som gruppe, og dette må barnehagen vere open for (Kunnskapsdepartementet, 2011).

2.2 Forsking

Hovudintrykket i forskinga er at små barn ikkje tek skade av å gå i barnehagen. I ei undersøking der fokuset ligg på aggressiv åtferd, viser Vannebo (2015) til Atferdssenteret som seier barn ikkje blir meir aggressive av tidleg barnehagestart. I kontrast til dette finn ein andre undersøkingar. Ifølgje Steinsland og Fondenes (2014) taklar ikkje alle barn å gå frå å vere med foreldre til å vere med ukjende i ei barnehage, og dei får eit høgare stressnivå. Dette kan føre til ei svekking av hukommelsen og evna til læring, samt redusert immunforsvar. Denne undersøkinga fann også ut at det er dei barna som er tause som har det høgste stressnivået, ikkje dei som græt og roper etter mamma.

I samband med tilvenning i barnehagen er det svært vanleg å få innvilget permisjon med lønn i tre dagar. Dette er ikkje ein lovheimla rettighet, men er ein del av velferdspermisjonsordninga på arbeidsplassar (Lofthus, 2013). Det er derfor det er tre dagar til tilvenning som er vanleg, fordi det er det foreldra har til rådighet. Johansen (2015) viser derimot til læringsverkstaden Midtunbråten barnehage som hevdar tilvenning tek to veker i staden for tre dagar. Deira erfaring med å ha tilvenning på to veker er at dei får tryggare barn fortare, samt trygge foreldre.

Når det gjeld foreldresamarbeid hevdar Drugli (2014), som nemnt innleiingsvis, at det er dokumentert at kvaliteten på foreldresamarbeidet påverkar kor godt barnet tilpassar seg

barnehagen. Ho påstår også at barnet treng tilgang på ein tilknytingsperson for å ha det bra i barnehagen. Barnet opplever situasjonen lettare dersom det er trygg på ein av dei vaksne.

2.3 Teoretiske perspektiv på problemstillinga

Dei teoretiske perspektiva som blir belyst er, som tidlegare fortalt, tilknytning og foreldresamarbeid.

2.3.1 Tilknytning

Tilknytning er ein utviklingspsykologisk teori som handlar om å forstå korleis det psykologiske forholdet mellom omsorgsgivarane og barnet påverkar den vidare utviklinga. Askland og Sataøen (2013) definerer tilknytning som «det følelsesfargede båndet (emosjonelt bånd) som knytter barnet til en eller flere personer». Det er ikkje nok å berre tilfredsstille barnet sine biologiske behov, det ligg i tillegg kjenslemessige, psykologiske prosesser til grunn for tilknytning. Teoretikaren som først brukte omgrepet tilknytning var John Bowlby (Askland & Sataøen (2013).

Ifølgje Broberg, Hagström og Broberg (2014) er kjenneteikna på ein tilknytingsrelasjon at relasjonen varer over tid, den kan ikkje erstattast, den har stor kjenslemessig verdi for individet, personane søker kvarandre sin nærleik og det er ubehageleg å ufrivillig bli separerte. I tillegg søker vedkommande tryggleik, trøyst og vern hos tilknytingspersonen. Askland og Sataøen (2013) meiner ei vellykka tilknytning har funne stad når barnet søker ly og trøyst hos vedkommande når det opplever ubehag.

Askland og Sataøen (2013) hevdar barnet har eit hierarki av tilknytingspersonar; primære og sekundære. Dei primære tilknytingspersonane er gjerne foreldra til barnet, og dei sekundære kjem nest i «rekka», til dømes besteforeldre. Drugli (2014) peikar på at det vesle barnet treng tilgang til ein av sine sekundære tilknytingspersonar når det er fråskilt sin primære tilknytingsperson. Vedkommande som passar barnet når til dømes mor ikkje kan, blir barnet sin erstatningsperson (Askland & Sataøen, 2013).

Sidan personalet i barnehagen er erstatningspersonar, må det å bli ein del av barnet sine sekundære tilknytingspersonar vere eit mål. For å bli det må dei skape ein god relasjon. Dette er nødvendig for at barna skal ha det bra i barnehagen. Som nemnd tidlegare, til tryggare

barna er på ein eller fleire av dei vaksne, til lettare vil barnet oppleve situasjonen (Drugli, 2014).

Det å vere åtskild frå primære tilknytingspersonane kan føre til eit auka stressnivå, som ikkje nødvendigvis er synleg. Derfor er det viktig at dei nye barna, som begynner i barnehagen, rekker å knyte seg til ein vaksen i barnehagen før foreldra ikkje kan vere der saman med dei lenger (Drugli, 2014).

2.3.1.1 Trygg og utrygg tilknytning

Det som avgjer om ei tilknytning utviklar seg til å bli trygg eller utrygg er, ifølgje Drugli (2014), kvaliteten på samspelet mellom barnet og omsorgsgivar. Barnet har ei trygg tilknytning dersom det får tryggleik og vern når det søker nærleik hos omsorgspersonen. Dersom det ikkje får det, da er det ei utrygg tilknytning (Broberg et. al., 2014).

I ei trygg tilknytning meiner Foss og Lillemyr (2013) at barnet har ein tilgjengeleg omsorgsperson som vernar det og er støttande. Ovanfor denne personen kan barnet tydeleg vise sine behov. Denne personen fungerer som ein trygg base. Når eit barn er trygt tilknytt så vil det ikkje heile tida vere opptatt av å vere nær tilknytingspersonen, det vil heller utforske verda (Drugli, 2014).

For å etablere ei trygg tilknytning, hevdar Drugli (2014) at personalet må vere sensitivt ovanfor barnet, ein må vere i stand til å fange opp og tolke barnet si åtferd, reaksjonar og uttrykk på ein rett måte. Dersom barnet ikkje utviklar ei trygg tilknytning vil barnet få vanskar med å utforske omgjevnaden. Foss og Lillemyr (2013) påstår at eit barn med utrygg tilknytning har ein tendens til å trekkje seg unna og skjule sine kjensler og reaksjonar for omsorgsgjevar, eller så er det klengete og søker nærleik heile tida (Drugli, 2014).

Drugli (2014) peikar på at barn som har ein trygg tilknytingsrelasjon til sine foreldre kan vise sterkare reaksjon enn dei med ein utrygg tilknytning når foreldra forlèt dei i barnehagen. Ved slike reaksjonar vil dei gjerne få trøyst og merksemd av personalet, noko dei tar i mot fordi dei er vant med å få det frå før. Barn som ikkje viser slik reaksjon får gjerne ikkje same merksemd og støtte. Dermed kan desse barna ha eit høgare stressnivå enn dei som viser frustrasjon, som tidlegare fortalt. Derfor er det viktig at personalet viser nærleik og støtte til alle barna slik at alle får støtte. Det er ikkje alle som klarer å vise sine behov tydeleg.

2.3.1.2 Trygg base

Eg nemnde omgrepet trygg base i ein trygg tilknytning. Det er Bowlby sitt omgrep og er ein sentral faktor i tilknytingsprosessen. Dette er ein «stad» barnet kan kome tilbake til for å få «påfyll» av kjærleik, nærleik, merksemd og trøyst. For at eit barn skal oppleve nokon som ein trygg base må barnet ha gjort seg tilstrekkelege erfaringar med at omsorgspersonen høyrer, ser, forstår og vil hjelpe det. Barnet opplever tryggleik gjennom tilknytingspersonen sjølv om denne personen ikkje er fysisk tilstade, det veit at det alltid kan kome tilbake til sin trygge base når det trenger det (Askland & Sataøen, 2013).

Broberg et. al. (2014) meiner det å ha ein trygg base gir barnet tryggleik til å utforske verda. Barnet har ei indre overtøying om at det kan kome hit når det ønskjer det, og dermed er det trygt å gå bort.

Primærkontakt er eit tiltak for at barna kan få ein trygg base i barnehagen. Drugli (2014) skriv om primærkontaktmodellen. Den har sin hensikt å leggje til rette for tilknytingsrelasjonar mellom personalet og barn. Modellen går ut på at kvart barn får tildelt ein primærkontakt. Primærkontakten har eit særleg ansvar for nokre av barna, noko som gjer det overkommeleg å følge barna tettare slik at ein fortare kan stille opp ved behov. På denne måten kan den vaksne konsentrere seg spesielt om kontakta med nokre barn i staden for alle. Ein går bevisst inn for å etablere ein god kontakt med «sine» barn når dei byrjar.

2.3.2 Foreldresamarbeid

Ingrid Bø (2002) har med utgangspunkt i Antonovsky sin teori, *a sense of coherence*, som tyder ei oppleving av samanheng i tilværet, vist korleis denne teorien kan gjelde foreldresamarbeid. Bø operasjonaliserer teorien hans til å gjelde tre perspektiv på korleis ein kan styrke foreldresamarbeidet: å fremme opplevinga av meining, å fremme opplevinga av å ha innverknad og å fremme opplevinga av å ha støtte.

2.3.2.1 Å fremme opplevinga av meining

Bø (2002) refererer til Berit Bae som er oppteke av å ha ein anerkjennande veremåte, som består av forståing, stadfesting og openheit, det å kunne gi opp kontrollen. Forståing handlar

om å få tak i meininga eller intensjonen i det foreldra seier og gjer. Det er viktig å ikkje berre vere einseitig informerande, at det kun er personalet som informerer. Barnehagen bør utvikle eit spørjande miljø der foreldra blir vant til at deira synspunkt blir etterspurt. Slik får foreldra trening i å formulere seg, og dette kan føre til at ein kan få større klarheit i ein sak og tydlegare sjå meining. Dersom personalet er flinke til å fortelje, også i uformelle samtalar, vil det ofte inspirere foreldra til å sjølve fortelje (Bø, 2002).

Bø (2002) hevdar at det er nødvendig med eit informasjonsarbeid mellom foreldre og fagfolk som går begge veger, der begge er likeverdige parter. Barnehagen treng å få innsikt i dei andre oppvekstmiljøa til barnet, og foreldra treng informasjon for å få innsikt i det barnehagen gjer. Denne informasjonen om kvarandre er viktig for at foreldra skal utvikle ein større sikkerheit. Ifølgje Drugli (2014) er det også viktig for at desse to oppvekstarenaene skal henge saman, og vere tilpassa barnet sine behov, slik at barnet si utvikling blir fremma. Det er oftast foreldra som får oppleve den negative åtferda til barnet og eventuelle reaksjonar på ein travel dag i barnehagen.

Der også viktig å grunngje det ein gjer ovanfor foreldra slik at ein til dømes ikkje berre seier at samarbeid er viktig, men i tillegg forklarar kvifor. Slik får foreldra meir meining i det som skjer. Dersom dei forstår og ser viktigheita av ei sak, kan det auke motivasjonen deira og sannsynet for at saka vert gjennomført eller følgt opp (Bø, 2002).

2.3.2.2 Å fremme opplevinga av å ha innverknad

Det å ha ei spørjande haldning er også viktig for å fremme foreldra si oppleving av å ha innverknad, men det er avhengig av at personalet lyttar og tek omsyn til det dei høyrer. Openheit, det å kunne gi opp kontrollen, er det tredje kjenneteiknet til ein anerkjennande veremåte, som tidlegare nemnd. Det vil seie at foreldra må få oppleve at barnehagelæraren er villig til å gje opp kontrollen. Ho må vere open, lytte med eit ope sinn, for det foreldra er opptekne av (Bø, 2002).

Bø (2002) meiner fagfolk bør tenkje over korleis ein reagerer på ønskjer og forslag frå foreldra: Er ein rask til å avvise foreldra, unngår ein dei for å unngå å ta stilling til det, eller lyttar ein nøye til foreldra og opnar for refleksjonar rundt forslaga? Drugli (2014) peikar på at det er viktig at personalet ikkje opplever krav og ønskjer frå foreldra som truande mot si profesjonelle rolle, men i staden utnyttar dette engasjementet positivt.

Dersom ein ikkje kan gjere som foreldra ønskjer eller foreslår, går det ann å avvise på ein måte som ikkje tek vekk opplevinga av at det er bra å kome med forslag. Til dømes kan ein beklage for at ei sak ikkje kan følgjast opp i tillegg til å forklare kvifor ikkje. I alle fall bør ein vere tydeleg på at ein forstår ønsket og vil undersøkje moglegheita til å finne ei anna løysing (Bø, 2002).

2.3.2.3 Å fremme opplevinga av å ha støtte

Foreldra kan oppleve barnehagelæraren som støttande ved å oppleve at barnet deira blir sett, og at det blir sett i eit positivt lys. Dette kan dei fleste foreldre bli oppmuntra av. Dersom noko er vanskeleg og vekker bekymring, da er det godt å føle at barnehagelæraren formidlar håp og ønskjer å samarbeide med dei for å finne ut av ei mogleg løysing (Bø, 2002).

Drugli (2014) peikar på at nokre foreldre tykkjer det er smertefult å overlate barnet sitt til nokon andre. Desse må personalet støtte slik at dei kan få kjenslene sine anerkjent, og eventuelt hjelp til å takle dei. Noko som er viktig er at foreldra sine kjensler ikkje påverkar barnet på ein måte som gjer det vanskeleg å tilpasse seg den nye kvardagen i barnehagen. Årsaka er at små barn er sensitive ovanfor og blir lett påverka av foreldra sine emosjonelle signal.

Kva signal som blir sendt ut frå både personalet og foreldra, og korleis desse blir oppfatta og reagert på, påverkar samspelet dei imellom. Personalet i barnehagen er derfor ikkje aleine om å skape eit støttande miljø, men dei har eit profesjonelt ansvar for å vere medvitne på korleis dei sjølv påverkar foreldra, og for å stadig prøve å få til eit positivt forhold for begge parter (Bø, 2002).

Oppsummert har eg i dette kapitlet belyst problemstillinga gjennom å vise til samfunnsmandatet til barnehagen, forskning og teori. I komande kapittel blir den empiriske undersøkinga nærare presisert.

3.0 Metode

Her blir den metoden eg har brukt for å samle inn empirien, presentert. Først måtte eg velje kva tilnæringsmetode eg ville nytte og så kva metode. Grunngevingar for vala eg har teke, samt refleksjon rundt dei blir også presentert her.

3.1 Tilnæringsmåte

Vi har to tilnæringsmåtar vi kan velje å bruke; kvalitativ og kvantitativ metode. Det er viktig å velje den tilnæringsmåten som best kan gi svar på problemstillinga ein har valt, og for min oppgåve var det kvalitativ metode.

Årsaka til at eg valde kvalitativ metode, var at eg ønskte å ta omsyn til kva som vart sagt i intervjuet og la det påverke ein del av innhaldet og fokuset i oppgåva. Da var det nødvendig å få innsikt i informantane sine meiningar, intensjonar, involvering og engasjement. Ifølgje Befring (2015) er kvalitativ metode best eigna for dette. I staden for å nå ut til mange og få svar frå mange pedagogiske leiarar, ville eg heller gå i djupna på tema og bruke god tid med nokre få og få ei god innsikt.

Dalland (2007) hevdar at kvantitativ metode tar sikte på å forme data, som ein samlar inn, om til målbare einingar for å kunne gjennomføre rekneoperasjonar. Datamaterialet mitt er ikkje målbart i den forstand. I tillegg er kvantitativ metode, i kontrast av kvalitativ metode, basert på distanse mellom forskar og informant (Bergsland & Jæger, 2014). Ein vil dermed ikkje få like «djup» informasjon. Ein får til dømes djupare informasjon om ein person gjennom eit intervju, i forhold til eit spørjeskjema.

Ei anna årsak til mitt val av tilnæringsmetode er at innanfor rammene av ei bacheloroppgåve, er det av tidsmessige årsaker ikkje rom for kvantitativ metode.

3.2 Val av metode

Ein metode er ein framgangsmåte eller ein «teknikk» ein brukar for å finne svar på forskingsspørsmålet ein har stilt (Bergsland & Jæger, 2014), altså den reiskapen eg har brukt for å finne svar på mi problemstilling.

Eg valde å bruke intervju som metode av typen semistrukturert intervju. Bergsland og Jæger (2014) beskriv det som ein samtale mellom forskaren og informanten, der gangen i samtalen er styrt av forskaren. Her er spørsmåla ferdig laga og strukturerte, men svara skal vere opne og frie (Befring, 2015). Det vil seie at spørsmåla ikkje er lukka og ikkje har svarkategoriar, men gir moglegheit for at informantane skal kunne hente fram deira erfaringar og kunnskap i svara. I tillegg får dei vinkle det til det dei tykkjer er viktig. Denne typen intervju gir dessutan meg som intervjuar rom for å kome med spontane oppfølgingsspørsmål, dersom det skulle vere noko eg ville vite meir om. Dette er årsakene til at eg valde denne forma for intervju.

3.2.1 Intervjuguide

Utgangspunktet for intervjuguiden (sjå vedlegg 1) var problemstillinga mi og dei tema eg har valt å fokusere på. Eg planla og formulerte spørsmåla på ein måte som skulle gi meg informasjon om dei tema eg ønskjer å belyse, og slik kome fram til eit mogleg svar på problemstillinga mi. Intervjuguiden er altså ein plan over dei tema eg ønskte å snakke om og belyse (Bergsland & Jæger, 2014).

Eg lagde denne intervjuguiden, saman med min rettleiar, i forkant av intervjuet.

3.3 Val av informantar

Dei eg ønskte å intervjuet var pedagogiske leiarar på småbarnsavdeling, dei som har hovudansvaret for dei nye småbarna som skal begynne i barnehagen for første gong. Eg har intervjuet tre pedagogiske leiarar, ei som var utdanna for ti år sidan og to nyutdanna. Dei kjem frå tre ulike barnehagar. For å bevare anonymiteten til informantane har eg koda namna på dei og barnehagane til Informant 1, 2 og 3 og Barnehage 1, 2 og 3. Informant 1 jobbar i barnehage 1, informant 2 jobbar i barnehage 2 og informant 3 jobbar i barnehage 3.

Eg kjende ingen av informantane mine frå før, men ein av dei hadde eg møtt under praksisførebuing tidlegare. To av barnehagane tok eg kontakt ved å sende mail til styrar, og her opplyste eg mellom anna om tema og problemsstilling. Ho gav så informasjonen vidare til den aktuelle pedagogiske leiaren i sin barnehage, og deretter avtalte eg tid og stad med dei som sa ja. I den tredje barnehagen ringte eg styraren. Ho gav så telefonen vidare slik at eg

fekk snakke me den aktuelle pedagogiske leiaren sjølv. Slik fekk vi avtalt tid og stad med ein gong.

3.4 Gjennomføring av datainnsamling

Intervjua fann stad i barnehagane til dei pedagogiske leiarane, inne på eit kontor. Det var informantane som bestemte kvar eg skulle møte dei. Eg følgde intervjuguiden ganske detaljert slik at informantane vart stilt omtrent dei same spørsmåla. Hovudskilnaden på intervjua var dei oppfølgingsspørsmåla dei vart stilt. Det var svaret eg fekk som avgjorde korleis eg vidare gjekk fram i intervjuet; om eg bad om eit døme eller spurte vidare om noko anna.

Ved å ha spørsmåla klare på førehand slapp eg å tenkje på å lage spørsmål under intervjuet. Eg var ganske nervøs på førehand, og hadde ikkje alt vore klart så hadde eg vore meir nervøs. Nervøsiteten hadde i tillegg sannsynlegvis påverka mi evne til å formulere gode spørsmål. Men sidan eg hadde spørsmåla klare kunne eg konsentrere meg om informantane, i staden for å konsentrere meg om å lage spørsmål. Eg kunne mellom anna fokusere på å lytte ekstra godt og ha eit oppmuntrande kroppsspråk som også bekrefta det dei sa. Ifølgje Bergsland og Jæger (2014) er det viktig at intervjuaren skapar ein atmosfære som gjer at informanten føler seg trygg nok til å snakke fritt om eigne opplevingar og kjensler.

Det vart også lettare å sortere og analysere intervjua etterpå, når alle informantane omtrent hadde fått dei same spørsmåla. Samla sett førte bruk av intervjuguide til at eg meistra intervjusituasjonen betre, spørsmåla var gjennomtenkte og analysearbeidet vart forenkla.

Informantane hørde spørsmåla for første gong under intervjuet, eg sende ikkje intervjuguiden på førehand. Dette for å få spontane og ærlege svar. Det dei fekk utdelt var samtykkeskjemaet (sjå vedlegg 2) med informasjonsskrivet. Her sto mellom anna informantane sine rettigheitar, til dømes at dei kan trekkje seg kva tid som helst, utan å måtte gi ein grunn, og kva tema eg kom til å spørje rundt.

Informant 1 fekk samtykkeskjemaet rett før intervjuet starta. Eg gjorde det slik for å gi ho moglegheita til å spørje meg dersom noko var uklart, før ho skreiv under. Dette førte til at ho ikkje visste at eg kom til å bruke lydopptakar, og ho visste ikkje meir detaljert kva eg kom til å spørje om enn det eg hadde skrive på mail. Dette intervjuet varte ikkje lenge, noko som kan vere på grunn av at dette var mitt første intervju, og at eg ikkje var trygg i rolla som

intervjuar. Eg stilte derfor ikkje særleg med oppfølgingsspørsmål. I tillegg var dette informanten sin første haust på småbarnsbase.

Eg valde å sende samtykkeskjemaet på førehand til dei to andre. Tanken var å gi dei moglegheit til å gjere seg nokre tankar rundt dei tema som blir tekne opp, på førehand. Informant 2 enda likevel med å lese det rett før intervjuet, fordi styraren var borte. Det eg likevel gjorde annleis var at vi snakka litt på førehand. Eg informerte litt meir og nemnde kva tema eg kom til å spørje rundt før vi sette i gang. Under dette intervjuet kom eg oftare med oppfølgingsspørsmål der eg spurte om ho kunne utdjupe litt eller kome med eit døme. Eg stilte også nokre nye spørsmål rundt noko ho hadde nemnt. Denne gongen merka eg at eg var tryggare i mi rolle, og derfor turte eg å vere meir aktiv.

Informant 3 fekk samtykkeskjema og informasjonsskrivet i god tid, så ho hadde fått lest over det på førehand. Ho var også den med lengst erfaring med tema, dessutan hadde eg no blitt enda tryggare som intervjuar. Dermed turte eg å stille fleire oppfølgingsspørsmål enn tidlegare. Sjølv om det er litt ulikt kor mange oppfølgingsspørsmål informantane fekk, så var det innanfor same tema, og dermed vart det ikkje store skilnadar mellom dei. Det som er skilnaden er lengda og djupna til kvart tema.

3.5 Analyse

Etter at eg hadde gjort mitt første intervju, begynte eg å transkribere. Det vil seie at eg skreiv ned ord for ord som vart sagt. Ifølgje Dalland (2007) mister vi noko når spørsmål og svar blir til tekst; nyansen i ein stemme, mimikken i eit ansikt og kroppsspråk. Fordelen med å ha intervjuet transkriberte er derimot at det vart enklare å analysere datamaterialet.

Da eg transkriberte brukte eg programmet *Express Scribe Transcription Software*. Dette programmet gjorde det mogleg å kunne senke farten på det som vart sagt. Slik meiner eg transkriberinga mi vart meir nøyaktig. Det var enklare å oppfatte detaljar når lyden gjekk saktare, spesielt dei gongane informanten snakka meir eller mindre utydeleg. Eg skreiv inn pausane som oppsto, når informantane eller eg sa «æh» eller drog ut lyden, «stamming» og andre detaljar. For å bevare anonymiteten til Informantane best mogleg, valde eg å transkribere på nynorsk og ikkje på dialekten.

Før eg byrja å analysere så hørde eg gjennom intervjuet ein gong til, etter å ha transkribert ferdig. Deretter gjorde eg ei tematisk bearbeiding av empirien (Dalland, 2007). Eg sette inn

alle svara til Informantane i eit skjema, der kategoriane er spørsmåla frå intervjuguiden. Slik fekk eg danna meg eit oversiktsbilete av datamaterialet, og eg fekk avdekka generelle og spesielle trekk. Det vart også lettare å plukke ut relevant data på denne måten.

Utgangspunktet for presentasjonen av empiren er ikkje spørsmåla, men dei tema som vart snakka rundt; tilknytning og foreldresamarbeid. Dette er kategoriane eg presenterer og drøfter ut ifrå. Når eg har brukt sitat av informantane har eg valt å fjerne «æh» og gjentakning av ord og setning, slik at det vart eit meir grammatisk korrekt sitat.

3.6 Validitet, reliabilitet og generalisering

Her blir det reflektert over oppgåva mi sin gyldigheit og relevans, og undersøkinga mi sin nøyaktigheit og pålitelegheit.

3.6.1 Validitet

Validitet handlar om kor gyldig og relevant data eg har samla er i forhold til problemstillinga mi (Larsen, 2007).

Under intervjuja har eg vore ganske fleksibel i forhold til spørsmåla mine, til dømes ved at eg har kome med oppklarings- og oppfølgingsspørsmål, og eg har latt informantane mine snakke fritt. Ifølgje Larsen (2007) bidrar dette til meir valid informasjon.

Eg har også sikra validiteten i oppgåva mi ved å vere kritisk til dei spørsmåla eg formulerte til intervjuet; er dei relevante og vil gi relevante svar? Vil dei bli forstått? Eg gjorde i mitt beste for å stille gode spørsmål.

Mine forventningar og mi førforståing kan ha påverka føresetnadane til informantane mine og slik redusert validiteten av dataen (Bergsland & Jæger, 2013). Eg kan også ha stilt leiande spørsmål eller favorisert nokre, noko som også kan ha påverka dei svara eg har fått. Det eg kan seie om dette er at eg prøvde å vere medviten rundt kroppsspråket mitt og spesielt det å vere open for alle typar svar. Eg prøvde å ikkje favorisere noko. Noko anna som kunne ha påverka informantane var ved å vere litt nervøs. På grunn av det var eg kanskje litt utydeleg i blant, eller hadde kanskje ei kroppshaldning som påverka negativt, til dømes. Dette er ei moglegheit, men eg gjorde mitt beste og eg ønskte ikkje å påverke informantane .

3.6.2 Reliabilitet

Reliabilitet gir uttrykk for kor påliteleg og nøyaktig undersøkinga mi er (Larsen, 2007). Eg har sikra mi pålitelegheit ved å ha skildra og forklart gjennomføringa av datainnsamlinga mi og korleis eg har analysert og tolka dette. Eg har også transkribert alle intervjua.

På slutten av intervjuet stilte eg dei eit spørsmål om dei har nokre spørsmål til meg, om det var noko dei tykte var uklart. Slik opna eg opp for å oppklare noko som eventuelt var uklart. Noko anna som også bidreg til å styrke reliabiliteten i undersøkinga mi, det er at eg har vore tydeleg på kva som er mine informantar sine utsegn og tolkingar, og kva som er mine. Dette har eg gjort tydeleg mellom anna ved å bruke direkte sitat (Bergsland & Jæger, 2013).

2.6.3 Generalisering

Generalisering handlar om overførbarheit, om denne undersøkinga også kan gjelde i andre samanhengar (Bergsland & Jæger, 2013). For å kunne generalisere måtte eg ha intervju mange fleire, så eg har ikkje grunnlag nok for å seie at dette gjeld fleire. Dessutan var ikkje målet mitt å generalisere, men å gi rike skildringar av det eg har studert (Bergsland & Jæger, 2013).

Eg håpar likevel at andre kan bli inspirerte av denne oppgåva og dermed ta med seg moment inn i sitt eige arbeid. Slik blir moment i oppgåva mi overført til andre, noko som er ein typisk generalisering i kvalitativ forsking.

3.7 Etiske omsyn

Eg har tatt etiske omsyn mellom anna ved å gi mine informantar informasjon om deira deltaking i forskinga, også skriftleg (sjå vedlegg 2). Bergsland og Jæger (2013) skriv at informasjonen skal vere forståeleg og forstått. Eg sytte for dette ved å gi dei god tid til å lese igjennom samtykkeskjemaet, og før dei skreiv under spurte eg om det var noko som var uklart eller noko dei ville spørje om. På denne måten kunne vi oppklare noko som eventuelt var uavklart.

Bergsland og Jæger (2013) skriv også at all deltaking skal vere basert på samtykke. Eg var open for om dei ville trekkje seg, og eg gjennomførte ikkje intervju før eg visste at alt var i orden og at dei var villige.

I skrivet om informert samtykke opplyste eg om at alle opplysningar om personlege forhold blir behandla konfidensielt, at alt kjem til å vere heilt anonymt og at dei kan reservere seg kva tid som helst utan å måtte gi opp nokon grunn. Det står også at eg ikkje kjem til å leggje ut noko informasjon eller bruke opptaket av intervjuet til noko anna enn til transkribering og til oppgåva mi.

Det som blir brukt i oppgåva mi skal heller ikkje kunne bli spora tilbake til informantane. Ein av måtane eg har hindra det på er å transkribere på nynorsk og ikkje på dialekt. Slik kan ikkje informantane bli kjent att på bakgrunn av dialekt. Dessutan har eg ikkje spurt noko personlege spørsmål slik at ingen kan kjenne att svara og historiene som blei gitt og fortalt. Alt dette er for å ikkje krenkje mine informantar sin personlege integritet (Bergsland & Jæger, 2013).

I dette kapitlet har eg fortalt kva metode eg har brukt og kvifor, kven som er mine informantar, korleis eg gjennomførte intervjuet og kva eg lærte og gjorde annleis her. Eg har også forklart korleis eg analyserte funna mine, og eg har reflektert rundt undersøkinga mi si gyldigheit, relevans, nøyaktigheit og pålitelegheit. Til slutt fortalte eg kva etiske omsyn eg har teke.

I neste kapittel blir det eg har funnet ut gjennom mine kvalitative intervju presentert.

4.0 Presentasjon av empiri

I denne delen av oppgåva skal eg presentere mine viktigaste empiriske funn. Eg har sitert nokre av informantane sine egne utsegn og for å sikre deira anonymitet har eg, som vist i metodekapitlet, ikkje brukt namn, men Informant 1, 2 og 3. Empirien blir presentert etter tema som var sentrale i intervjuet: «tilknyting i barnehage» og «foreldresamarbeid».

4.1 Tilknyting i barnehagen

Det Informant 1 legg i omgrepet tilknyting er at barnet og ho, som barnehagelærer, kan få eit godt forhold og vere trygge på kvarandre. I tillegg vi barnet til henne og har nokon det føler seg trygg på. Informant 2 svarte tryggleik, anerkjenning og omsorg, og Informant 3:

Det er å ha noko du kan knytte deg til, det er ein base, det er på ein måte ein ladestasjon i ditt liv, og det er ein du kan kome til for å få trøyst. Du kan kome dit å få

råd, du kan kome dit å få hjelp og nærleik og alt du måtte ha av emosjonelle, og også praktiske behov, sjølvst. Men det går mykje på emosjonar og relasjonar og tryggleik, dette her med å vite med deg sjølv at du har nokre som bryr seg om deg.

Tryggleik, det å ha ein vaksen som bryr seg om barnet, som barnet søker og føler seg trygg på, er det som går igjen i utsegna til alle tre informantane.

Informant 1 og 3 fortalte at dei har ein kontaktperson eller primærkontakt, ein som har meir ansvar for «sine» barn og som møter barnet fast i den første tida. Informant 3 presiserte at ein utfordring med dette er delte stillingar. Delte stillingar vil seie at ein ikkje har ein full stilling og har til dømes ein dag fri i veka. Barnehagen prøver likevel, så langt som råd, å leggje tilvenningsdagane og dei første vekene til rette slik at kontaktpersonen mest mogleg er tilstade til barnet har knytt seg og kan byrje å utvide. Det er viktig at barnet knyter seg til fleire vaksne, fordi plutselig er kontaktpersonen sjuk.

Informant 2 seier dei jobbar med tilknytning ved å sitte på golvet, vere på barna sitt nivå, slik at dei lettare kan få kontakt med dei:

Viktig å vere på deira nivå, så skal vi ikkje drive å følgje etter dei eller noko sånt. Vi skal vere ei trygg base, sånn at dei kan komme og så går dei litt, så kjem dei tilbake når dei renger påfylling, så går dei igjen, så kjem dei tilbake, så går dei igjen.

Gode vaksne som er tilgjengelege meiner Informant 1 er det viktigaste for dei barna som skal begynne i barnehagen. Tryggleik svarte dei to andre. Informant 3 presiserte at tryggleik er avhengig av tilknytning, å kunne knyte seg til ein i barnehagen. Tryggleik er igjen viktig for å kunne utforske, leike og utvikle seg. Barnet må bli trygg på ein vaksen og så utvide etter kvart. Kor lang tid dette tek varierer, og Informant 2 sa at «ein må tilpasse seg kvar enkelt. Nokre blir raskare trygg på andre menneske. Andre treng meir tid, og at ein da ikkje skal vere pågåande på ungane, men gi dei tid til å kome til deg». Det å tilpasse seg kvart enkelt barn sa alle tre at dei gjer.

Informant 2 og 3 fortalte at dei jobbar med tryggleik og gjer barna trygge ved å snakke med dei, vise at dei forstår barna og at dei er der for dei. Barna må oppleve at dei blir sett og

forstått, og at dei får behova sine tilfredsstillt; behova for mellom anna mat og drikke i tillegg til nærleik og trøyst.

Da eg spurte om lengda på tilvenninga, svarte både Informant 1 og 2 tre dagar, men Informant 3 sa i tillegg at det er individuelt. Dei har ei rutine på desse tre dagane: første dagen viser dei foreldra og barnet rundt i barnehagen, lar barnet leike og tek det roleg fram til første måltid, omtrent. Dagen etter, i Barnehage 1, går foreldra litt vekk ei stund for at barnet kan bli meir trygg og kjent med personalet. Den siste dagen går foreldra tidleg og lar baret ha ein kort dag aleine. I Barnehage 2 er foreldra i barnehagen heile tida, alle tre dagane, men dei er der lengre for kvar dag. Foreldra får leggje barnet den andre dagen, og på den tredje dagen går dei vekk ei stund og lar primærkontakta leggje barnet til å sove.

Informant 3 sa dei har tre til fire veker dei kallar tilvenningstid, der dei jobbar mykje med tilknytning, tryggleik, omsorg og nærleik. Dei oppmodar foreldra til å spare eit par feriedagar eller ha litt avspasering, slik at dei har nokre dagar i tillegg til dei tre som er vanleg å få fri frå jobb. I denne perioden organiserer dei ikkje mykje vaksenstyrte opplegg og aktivitetar, men i staden finn dei på ting dei ser barna har lyst til å halde på med. Årsaka til at det er viktig å jobbe med og gjere dette, forklarar Informant 2 på denne måten: «Foreldra er jo naturlegvis deira trygge, heilt primær, primær kontakt. Og når dei drar, så bør vi ha tatt over den biten».

Informant 3 har jobba sju år på småbarn og ho har erfart kor viktig tilvenningstida og tilknytninga er:

Det er på ein måte grunnlaget for heile barnehagelivet, og korleis det barnet vil trivst. Og får du ikkje dette til å fungere godt frå starten så vil det ofte ta veldig lang tid før barnet kjem i gang med leik og byrjar å søkje andre ungar, og da blir det ofte veldig klengete på dei vaksne.

Ho seier derfor at det er utruleg viktig å bruke god tid, skape ro, vere nær og vise omsorg.

4.2 Foreldresamarbeid

Før barnet byrjar i barnehagen gir alle tre barnehagane ut eit velkomstbrev eller eit infoskriv der dei mellom anna fortel litt om barnehagen, personalet, pedagogisk leiar og dagsrutinane deira. Det står også litt om tilvenning og kva foreldra kan forvente. I Barnehage 3 startar dei med ein oppstartssamtale. Før samtalen får foreldra eit skjema som dei skal fylle ut, og punkta

her blir utgangspunktet for samtalen. Det skjemaet spør om er mellom anna kva foreldra meiner er viktig, kva dei forventar, korleis barnet deira er, om det er noko spesielt barnehagen må vite om og anna praktisk informasjon, som mat- og sovevanar.

Dette skjemaet leverer ikkje foreldra inn, i staden blir dette formidla i samtalen og pedagogisk leiar noterar ned det som er viktig i eit nytt skjema. «Da veit vi litt før barnet kjem inn og da er det på ein måte også lettare for oss å ha fokus på barnet i oppstarten, sleppe denne her dialogen med foreldra sånn at vi får avtalt ein del ting før barnet kjem i barnehagen og skal byrje» (Informant 3). Slik eg forstår ho vil det å få informasjon om barnet på førehand gjere det lettare å bli kjent med barnet sidan dei har noko å gå ut ifrå. I tillegg treng dei ikkje snakke om dette når barnet er i barnehagen og kan heller fokusere på barnet.

Etter oppstartssamtalen får foreldra med seg ein plansje, til bruk heime, med bilete av barnehagen og personalet, i tillegg til nokre bilete frå kvardagen og ein song dei gjerne brukar mykje. Tanken er at foreldra kan vise denne til barnet deira slik at dei kan snakke om barnehagen og kva som snart skal skje. Slik vil barnet kanskje ha sett og fått med seg noko som dei kan kjenne igjen når det byrjar: «Det er noko med det som ein veit litt om og det som ein har avklart og fått litt kunnskap om, det vert tryggare og det vert lettare å forholde seg til, både for foreldra og kanskje også for ungane» (Informant 3).

I Barnehagane 1 og 2 ønskjer dei også informasjon om barnet før det byrjar. Før sommaren vil Barnehage 1 vite namnet på barnet og kva tid det er født, og når dei kjem første dagen da får dei eit skjema, tilsvarende likt som i Barnehage 3, utlevert for utfylling. Eit slikt skjema gir også Barnehage 2 ut, men dei spør i tillegg om barnet har eit tilknytingsobjekt og foreldra får dette før barnet startar i barnehagen. Dei har også ein foreldresamtale tidleg etter barnet har begynt. Der snakkar dei om tilvenninga, korleis dei tykkjer det går, korleis barnet har reagert og får oppklaring der det trengst. Informant 3 sa at ved å vite kva foreldra tenkjer og ved å ha ein samtale med dei, så kan dei tilpasse tilbodet om nødvendig.

Alle informantane er einige i at det å ha ein god dialog og snakke med foreldra er viktig for å dei foreldra trygge på denne overgangen til å ha eit barn i barnehagen. Det blei også sagt det å ha foreldresamtale tidleg, informere dei om tilvenninga og korleis dei gjer det, samt kvifor, og svare på spørsmål som foreldra måtte ha. Informant 3 påpeikte at det ofte er verre for foreldra, spesielt mora, enn barnet å begynne i barnehagen. Både informant 1 og 3 fortalte at dei forklarar ovanfor foreldra og roar dei med at det er naturleg og vanleg at barna græt når dei

går. Informant 1 sa: «Så da er det å ha ein god dialog, og det å trygge foreldra på at det kjem til å gå bra. Det kan ofte bli litt sånn; guri malla er det berre min unge som er sånn?».

Foreldra blir også av og til kontakta i løpet av dagen om korleis det går, til dømes når barnet har slutta å gråte. Kor mykje oppdatering dei gir foreldra var ulikt mellom barnehagane. Informant 2 snakka også om det å vite kva barnet har gjort på i løpet av dagen er med på trygge foreldra. Da veit foreldra at barnet deira blir sett av personalet og at dei kjenner det. Informant 1 sa at dette er viktig i bringe- og hentesituasjonen. Vidare fortalte Informant 2 at ein også trygger foreldra ved å vise forståing ovanfor dei og vise den faglege plattformen, mellom anna å vise til det faglege og forklare kvifor ein gjer som ein gjer. Ho forklarte kvifor foreldra må bli trygge, og det er «for at ungane skal blir trygge; for dei les veldig godt kroppsspråk. Så dersom foreldra er utrygge da, så blir ungane utrygge».

4.3 Oppsummering

Det eg har funnet ut er at tryggleik, det å ha ein vaksen som bryr seg om barnet, som barnet søker og føler seg trygg på, er det som går igjen i det informantane seier dei legg i omgrepet tilknytning. Denne vaksne er ein trygg base for barnet og hit kan det kome for å få dekt sine behov og få påfylling. Så kan barnet gå vekk og så kome tilbake igjen for ny påfylling, og så vidare. Kontaktperson eller primærkontakt er ein måte å få barnet til å lettare bli knytt til ein vaksen, noko som helst bør skje før foreldra slutter å vere med barnet i barnehagen.

Tilknytning og tryggleik er viktig for at barnet skal utforske, leike og utvikle seg. Det at personalet tek seg god tid og tilpassar seg og tilvenninga til kvart barn er også viktig. For å gjere barnet trygg må det oppleve at det blir sett og forstått av dei rundt seg, og at det får sine behov tilfredsstilt. Ein av informantane hevdar tilvenningstida og tilknytninga er grunnlaget for heile barnehagelivet og korleis barnet vil trivst.

Før barnet byrjar i barnehagen får foreldra tilsendt informasjon om blant anna barnehagen, tilsette og dagsrutinane. Barnehagen vil også ha informasjon om barna, og foreldresamtalar blir gjennomført, men på ulike tidspunkt. Gjennom både skriftleg informasjon og samtale kjem det også fram kva som blir forventa av foreldra og kva dei kan forvente, i tillegg til kva foreldra meiner og tenkjer.

Det å ha ein god dialog er viktig for å trygge foreldra. Foreldra får melding til dømes når barnet har slutta å gråte, og dei får informasjon om kva barnet har gjort på i løpet av dagen.

Dette er mange foreldre opptekne av. Å vise foreldra forståing og den faglege plattformen er viktig, og foreldra må bli trygg for at barnet skal bli trygg. Barnet les foreldra sitt kroppsspråk.

I komande kapittel blir empirien drøfta ut i frå teori.

5.0 Drøfting

Utgangspunktet for drøftinga er problemstillinga: «Korleis leggje til rette for ein trygg og god overgang frå heim til barnehage»? Dette blir drøfta ved å knyte relevant teori om tilknytning og foreldresamarbeid opp mot mine empiriske funn. Først blir tilknytning drøfta og deretter foreldresamarbeid, dei same tema som i kunnskapsgrunnlaget og i presentasjonen av empiri.

5.1 Tilknytning

Ein av informantane påstår at tilvenningstida og tilknytninga er grunnlaget for heile barnehagelivet og korleis barnet vil trivst. Det er altså viktig å ta denne perioden på alvor.

Som tidlegare presentert meiner informantane at tilknytning handlar om at barnet er trygg på ein vaksen og har ein som det kan kome til. Dette er viktig og er eit døme på den kjenslemessige, psykologiske prosessen som ligg til grunn for tilknytning, som Askland og Sataøen (2013) skriv om. Det er ikkje nok å berre tilfredstille barnet sine biologiske behov, som til dømes mat og kleieskift. Korleis personalet skal møte barnet og leggje til rette for desse psykologiske prosessane, blir også presentert i Barnehagelova.

Ein av informantane meinte ein tilknytning handlar om å ha ein å knyte seg til, ein base, ein slags ladestasjon i livet. Det vil seie at barnet har ein stad det kan kome for å få alt det måtte ha av emosjonelle og praktiske behov, som til dømes trøyst, råd, hjelp og nærleik. Det er viktig at barnet veit med seg sjølv at det har nokre som bryr seg om det. Ho seier vidare at tryggleik er avhengig av tilknytning, og tryggleik er nødvendig for at barnet skal kunne utforske, leike og utvikle seg.

Her beskriv informanten Bowlby sin trygge base. Han seier også at for at barnet skal oppleve nokon som ein trygg base, må det gjere seg tilstrekkelege erfaringar med å bli høyrte, sett,

forstått og få hjelp av vedkommande (Askland & Sataøen, 2013). Dette blir framheva av Informant 3, dei organiserer ikkje mange vaksenstyrte opplegg og aktivitetar i byrjinga. I staden fokuserer dei på å bruke god tid, skape ro, vere nær, sjå barnet, vere tilgjengeleg, vise omsorg og tolke barnet slik at det opplever at det blir forstått. Det å ha ein trygg base gir barnet tryggleik til å utforske verda (Broberg et. al., 2014), så det stemmer også med det Informanten sa.

To av informantane meiner også at barnet må oppleve at det blir sett og forstått. At det må få tilfredsstilt sine behov, både dei fysiske og emosjonelle, for å bli trygg. I teorien seier Drugli (2014) at personalet må vere sensitive ovanfor barnet for å etablere ein trygg tilknytning. Rammeplanen understrekar også at ein må vere sensitiv ovanfor barnet sine kroppslege uttrykk (Kunnskapsdepartementet, 2011). Dette er viktig å vere klar over sidan det er kvaliteten på samspelet med barnet som avgjer om tilknytninga utviklar seg til å bli trygg eller utrygg (Drugli, 2014).

Ein måte to av barnehagane jobbar med tilknytning er mellom anna å gi barna ein kontaktperson kvar. Dette kan knytast opp til Drugli (2014) sin primærkontaktmodell, som tidlegare forklart. Når barnet er fråskilt sine foreldre, sine primære tilknytingspersonar, treng barnet tilgang til ein av sine sekundære tilknytingspersonar. Derfor er det viktig at primærkontakta etablerer ein så god kontakt med barnet slik at vedkommande blir ein del av barnet sine sekundære tilknytingspersonar (Drugli, 2014).

Ein av informantane påpeikte utfordringa med delte stillingar, i tillegg kan ein til dømes bli sjuk. Dette viser at barnehagar kan utarbeide eit system med primærkontaktar for å jobbe grundig og systematisk med tilknytning, men på tross av systemet kan det på grunn av , til dømes, sjukdom og delte stillingar vere krevjande å få til i praksis. Dette kan føre til at tilvenningsperioden kan bli meir krevjande for barnet enn det elles ville ha vore.

Fordi det kan kome dagar primærkontakta til barnet ikkje er i barnehagen, er det viktig at barnet kan utvide og knyte seg til fleire vaksne, noko ein av informantane framheva. Slik kan ein forhindre at barnet er i barnehagen utan ein tilknytingsperson. Eit anna viktig poeng er, ifølgje ein informant, at foreldre er barnet sine trygge, heilt primære omsorgspersonar, og derfor bør nokre i barnehagen ha tatt over den biten når dei drar. Drugli (2014) skriv at barnet får eit auka stressnivå av å vere fråskilt sin primære tilknytingsperson, noko som nødvendigvis ikkje er synleg. Dersom barnet er trygg på primærkontakta når foreldre ikkje

lenger er i barnehagen, kan det forhindre dette. Dessutan må barnet ha tilgang på ein tilknytingsperson for å trivast i barnehagen.

Sidan barnet treng tilgang til ein sekundær tilknytingsperson når foreldra går på jobb, så kan ein spørje om tre dagar med tilvenning er nok? Ifølgje Johanssen (2015) er to veker betre. Ho viser til læringsverkstaden Midtunbråtet barnehage der dei brukar to veker på tilvenning. Ein av informantane fortalte dei har to til tre veker dei kallar tilvenningsperiode, så det finst fleire barnehagar som praktiserer det same. Informanten fortalte også at dei oppmodar foreldra til å kunne vere i barnehagen lenger enn tre dagar. Dei to andre barnehagane, som er med i mi undersøking, brukar derimot hovudsakleg tre dagar.

Det er vanleg at barna græt når foreldra skal gå, noko ein av informantane seier dei trygger foreldra på er normalt. For personalet er det viktig at dei er medvitne på å viser nærleik og støtte til alle barna i barnehagen, ikkje berre dei som græt og viser sterke reaksjonar. Både Drugli (2014) og Steinsland og Fondenes (2014) hevdar at det er dei tause barna som har det høgste stressnivået, og Drugli (2014) meiner ein årsak til det er at desse er lettare å oversjå, og dermed får kanskje ikkje dei same nærleik og støtte.

5.2 Foreldresamarbeid

Som tidlegare sagt påverkar kvaliteten på foreldresamarbeidet kor godt barnet tilpassar seg barnehagen (Drugli, 2014). I tillegg står det i Barnehagelova at ein skal samarbeide med heimen for å ivareta og fremme barnet sin utvikling. Derfor er det viktig at personalet er klar over dette og jobbar for å skape eit godt samarbeid, men korleis gjer ein det?

Alle tre barnehagane sender ut eit velkomstbrev eller eit infoskriv om barnehagen til foreldra, før barnet byrjar i barnehagen. Foreldra får også ut eit skjema for å fylle ut, anten før dei kjem eller når dei kjem i barnehagen, og to av dei seier dei har foreldresamtalar. Ein av barnehagane gjennomfører dette før barnehagestart og den andre etter.

Kva skjemaet spør om er omtrent det same hos alle dei tre barnehagane i studien. Det spør blant anna om kva foreldra meiner er viktig, kva dei forventar, korleis barnet deira er, som til dømes personlegdom, om det er noko spesielt barnehagen må vite om og anna praktisk informasjon, som mat- og sovevanar.

Det er viktig at barnehagen og foreldra får informasjon om og kjennskap til kvarandre. Ved at foreldra får innsikt i kva som skjer i barnehagen, er det med på å gjere foreldra trygge (Bø, 2002). I tillegg er ein slik kjennskap til kvarandre nødvendig for at desse to oppvekstarenaene skal kunne henge saman og tilpassast barnet sine behov. Det er nødvendig for å fremme barnet si utvikling (Drugli, 2014).

Rammeplanen peikar også på at personalet må gi foreldra nødvendig informasjon og grunngeving for barnehageverksemda, samt invitere dei til medverknad. Dette er deira ansvar. Foreldra må kunne stole på at barna deira blir sett og respektert, og at dei får delta i eit godt fellesskap. Det foreldra ventar og ønskjer må barnehagen vere open for (Kunnskapsdepartementet, 2011).

Ein er med å fremme meininga til foreldra ved å ha samtalar med dei, der ein viser dei forståing og lyttar for å få tak i meininga i det dei seier. Ein må i tillegg ikkje vere einsidig informerande (Bø, 2002), det er viktig at også foreldra får snakke og fortelje. I barnehagane, der undersøkinga fann stad, verkar det som at dei dei legg vekt på det foreldra har å seie og ikkje legg opp til at det berre er pedagogisk leiar som informerer.

Ifølgje Bø (2002) er det viktig å utvikle eit spørjande miljø der foreldra blir vant til at deira synspunkt blir etterspurt. For å gjere det konkret: personalet må vere flink til å spørje etter foreldra sine synspunkt i forhold til kva dei tykkjer, meiner og ønskjer for sitt barn når det skal begynne i barnehagen. Dersom det blir eit miljø for å få fram foreldra sine synspunkt, kan det føre til større klarheit i kva dei tenkjer og slik tydelgare sjå meining. I tillegg kan det fremme foreldra si oppleving av å ha innverknad. Da må personalet lytte og ta omsyn til det dei høyrer, til dømes ved å endre noko som foreldra meiner burde endrast (Bø, 2002).

For at foreldra skal få ha ei oppleving av å ha innverknad, bør personalet vere klar over korleis ein reagerer på ønskje og forslag frå foreldra (Bø, 2002); kva haldningar har ein til det? Er det du som fagperson som veit best, eller er det foreldra? Noko å tenkje over er at det er foreldra som kjenner barnet sitt best, men som pedagogisk leiar må ein i tillegg ta omsyn til barnegruppa og barnehagen sitt samfunnsmandat, som står i Barnehagelova § 1. Bø (2002) seier at dersom ein ikkje kan gjere som foreldra ønskjer eller foreslår, går det ann å avvise på ein måte som ikkje tek vekk opplevinga av at det er bra å kome med forslag. Til dømes kan ein vise forståing for det dei ønskjer og forklare kvifor det ikkje er mogleg, og avslutte med at det er veldig bra dei kjem med forslag.

Informantane fortalte at dei arbeidar for å gjere foreldra trygge ved å ha ein god dialog, foreldresamtale, informere om tilvenninga og korleis dei gjer det, samt kvifor og svare på dei spørsmål foreldra måtte ha. Ifølgje rammeplanen har foreldre og barnehagen eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barnehagen. Foreldra må kunne stole på at dei kan ta opp viktige ting som har med dette å gjere (Kunnskapsdepartementet, 2011).

Gjennom å ha ein god dialog kan ein fremme foreldra si oppleving av støtte gjennom at dei føler barnet deira blir sett i barnehagen, og at det blir sett i eit positivt ljus. Dette blir i alle fall dei fleste foreldre oppmuntra av (Bø, 2002). Ein av informantane fortel at dei er opptekne av å vite kva barna har gjort på i løpet av dagen slik at dei kan fortelje dette til foreldra, spesielt i bringe- og hentesituasjonen. Ifølgje Drugli (2014) er det oftast foreldra som får oppleve den negative åtferda til barnet og eventuelle reaksjonar på ein travel dag i barnehagen, derfor er det viktig å ha gode dialogar slik at personalet kan få vite om dette. Av den grunn er det relevant at dei i Barnehage 2 har foreldresamtalen kort tid etter at barnet har begynt, slik at dei kan snakke om blant anna barnet sin reaksjon på den nye kvardagen.

Ein av informantane sa også at dei viser foreldra den faglege plattformen, og meiner det bidrar også til å gjere foreldra trygge. Dette er i samsvar med det Bø (2002) meiner. I staden for å berre seie at vi jobbar med tilvenning på ein slik måte, så bør ein også forklare kvifor. Slik får foreldra meir mening i det som skjer, noko som igjen er viktig for motivasjonen til å støtte og følgje opp dette arbeidet sjølv.

Nokre foreldre tykkjer det er smertefult å overlata barnet sitt til nokon andre, og desse seier Drugli (2014) at personalet må støtte, og ein må anerkjenne kjenslene deira. Å vise foreldra forståing meiner ein av informantane også er med å trygge foreldra.

Ein av informantane meiner det er viktig at foreldra blir trygge på det som skjer for at barnet skal bli trygg. Barn les kroppsspråk veldig godt, så barnet blir utrygge dersom foreldra er utrygge. Dette blir støtta av Drugli (2014) som også seier at små barn er sensitive ovanfor og lett blir påverka av foreldra sine emosjonelle signal.

Oppsummert har eg i denne delen knytt saman teori og empiri og drøfta det. I hovudtrekk har det blitt drøfta korleis ein kan leggje til rette for tilknytning og tryggleik i barnehagen, i tillegg til foreldresamarbeid og korleis gjere foreldra trygge. Det er ikkje mange ulike syn i drøftinga, men det er fordi det var stor einigheit blant informantane. I neste kapittel kjem avslutninga,

kvar hovudtrekka i oppgåva blir summert opp, kva eg kunne gjort annleis, kva eg har lært og kva eg vil ta med meg vidare blir sagt.

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg forsøkt å svare på problemstillinga: «Korleis leggje til rette for ein trygg og god overgang heim-barnehage?». Eg har teke utgangspunkt i pedagogisk leiar sin ståstad og har fokusert på eitt- og toåringar. I denne prosessen har eg teke fleire val, mellom anna val av metode, informantar, spørsmål til intervjuguiden og teoretiske perspektiv. Desse vala har hatt innverknad på utforminga av oppgåva og dei resultata eg har kome fram til.

Overgangsobjekt er veldig relevant i forhold til mitt tema, men dette var lite framme i intervjuet. Eg kunne ha spurt meir om det, men i forhold til ein god relasjon og tilknytning til dei vaksne er det ikkje like sentralt. Eg ser også at foreldreperspektivet er viktig, men det var ikkje innanfor ramma av denne oppgåva.

I staden for å ha intervju så kunne eg valt å observere. Da hadde eg fått sett med egne auge korleis det mellom anna vart jobba med tilknytning og foreldresamarbeid. Sidan det er i byrjinga av hausten barna er nye, er det da det hadde vore aktuelt å observert. Slik Høgskulen hadde lagt opp dette semesteret, så var ikkje dette mogleg. Det var heller ikkje ønskjeleg fordi det er intervju som fungerer best til å få tak i tankane og refleksjonane til informantane.

Eg ser likevel behov for å gjennomføre observasjonar og intervju om barn sin overgang og oppstart i barnehage. Det er behov for meir kunnskap om dette, kva som skjer med barna og korleis leggje til rette for både barn og for foreldre. Dette er nødvendig fordi dei fleste eitt- og toåringar byrjar i barnehage.

Gjennom å ha drøfta og gått igjennom empirien min så har eg kome fram til at det viktigaste ein kan leggje til rette for, for at overgangen til barnet skal bli trygg og god, er tilknytning. For at barnet skal trivast må det ha ein tilknytingsperson i barnehagen. Barnet treng tilgang til ein av sine sekundære tilknytingspersoner, ein trygg base. Bruk av primærkontakt er ein måte å jobbe med tilknytning, slik at vedkommande kan bli barnet sin trygge base. Ei utfordring med dette tiltaket er mellom anna delte stillingar. Barnet bør uansett ha fått knytt seg, til ein i personalet, før foreldra ikkje kan vere i barnehagen med dei meir. Korleis barnet tilpassar seg

barnehagen er også avhengig av kvaliteten på foreldresamarbeidet, og om foreldra er trygge. Derfor er også foreldresamarbeid ein viktig faktor i barnet sin overgang.

Mine val kan drøftas, men eg har lært mykje. Eg har fått ny innsikt i korleis eg som pedagogisk leiar kan leggje til rette for ein trygg og god overgang for dei minste. Ikkje berre har eg fått kunnskap om dette tema, eg har også fått meir forståing av viktigheita med å arbeide med tilknytning og foreldresamarbeid, og det som inngår her. Til dømes er eg no meir medviten på kor viktig det er å trygge foreldra og korleis eg kan bidra til det. Framleis er det mykje meir eg kunne ha skrive om, men no er vala tekne og her er resultatet. Dette har vore ein veldig spanande prosess.

Innleiingsvis fortalte eg om ein gut som byrja i barnehagen da eg var i praksis. Eg stussa litt på kvifor det var ein assistent og ikkje pedagogisk leiar som hadde dette ansvaret, men no etter å ha skrive denne oppgåva, så skjønar eg kvifor og er einig i valet. Det at ho var på jobb kvar dag er ein veldig viktig faktor for at barnet skal bli kjent og knyte seg til ho, og slik få ein trygg base i barnehagen. Eg ser no på denne prosessen i eit nytt lys.

7.0 Litteraturliste

- Askland, L., & Sataøen, S. O. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Barnehageloven (2005). *Lov om barnehager (barnehageloven)*. Henta frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64.html&emne=BARNEHAGELOV*&&
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Oslo (?): Cappelen Damm.
- Bergsland, M. D., & Jæger, H. (Red.). (2014). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. Oslo: Cappelen Damm.
- Broberg, M., Hagström B., & Broberg A. (2014). *Tilknytning i barnehagen: Hva betyr trygghet for lek og læring?* Stockholm: Cappelen Damm.
- Bø, I. (2002). *Foreldre og fagfolk* (3. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Drugli, M. B. (2014). *Liten i barnehagen: Forsking, teori og praksis*. Oslo: Cappelen Damm
- Foss, E., & Lillemyr, F. (Red.). (2013). *Til barnas beste: Veier til omsorg og lek, læring og danning*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Johansen, T. (2015, 17. august). Henta den 10. november 2015 frå <http://barnehage.no/pedagogikk/2015/08/-tilknytning-tar-mer-enn-tre-dager/>
- Korsbrekke, M. (2014, 13. juli.). Barnehagestarten kan være tøff. Men slik får du tilvenningen i barnehagen til å gå lettere. Henta den 26. november 2015 frå <http://www.klikk.no/foreldre/smabarn/article850855.ece>.
- Kunnskapsdepartementet (2011). *Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Departementet.
- Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode: Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.

Lofthus, Elisabeth (2013, 31. juli). Barnehagestart – rett til fri? Henta den 12. desember 2015 frå http://www.mammanett.no/barnehage/tilvenning_fri_permisjon

Statistisk Sentralbyrå. (2014). *Barnehager, 2014, endelige tall*. Henta frå <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager>

Steinsland, T., og Fondenes, E. (2014, 6. mars). Forskere advarer: Ettåringer kan bli alvorlig stresset av å begynne i barnehage. Henta den 19. november 2015 frå <http://www.tv2.no/a/5309201>

Vannebo, A. (2015, 11. september). Henta den 19. november 2015 frå <http://forskning.no/barn-og-ungdom-psykologi/2015/09/ingen-fare-med-tidlig-barnehagestart>

8.0 Vedlegg

8.1. Intervjuguide

Start

- Kor lenge har du jobba her og på småbarn?
- Kva utdanning har du?
- Har du noko erfaring med dette temaet frå før?

Overgang

- Kva vil du definere som ein trygg og god overgang?
- Korleis er rutinane ang. dette i dykkar barnehage? Kva legg de vekt på?
- *Kvifor?*
- Kor lenge varer tilvenninga?
- Blir det gjort nokre individuelle tilpassingar?
- *Kvifor?*
- *(Eksempel?)*
- Kva meiner du er det viktigaste for desse heilt nye småbarna som skal byrje i barnehagen?
- *Kvifor?*

Foreldresamarbeid

- Kva informasjon gir de foreldra på førehand?
- *Kvifor?*
- Korleis gjer de foreldra trygge på denne overgangen?
- *(Eksempel?)*
- Kor mykje informasjon ønskjer de om barnet på førehand?
- *Kvifor?*

Tilknytning

- Kva legg du i omgrepet *tilknytning*?
 - Korleis jobbar de med tilknytning?
- (*Eksempel?*)
-

Om tid:

Tryggleik

- *Kva legg du i omgrepet trygg?*
 - *Korleis jobbar dykk med tryggleik blant dei nye?)*
-
-

Avslutning

- Har du nokre spørsmål til meg?
- Har du noko du ønskjer å leggje til?

8.2 Samtykkeskjema om deltaking

«Overgang heim-barnehage»

Informasjon om meg, kva skule eg går på og kven som er min rettleiar.

Bakgrunn og formål

Dette er ein bacheloroppgåve som blir skrevet av ein student ved Høgskulen i Volda.

Formålet med studiet er å finne ut korleis ein best mogleg kan leggje til rette for ein trygg og god overgang for barnet som skal byrje i barnehagen for fyrste gong. Det er dei aller yngste eg har valt å fokusere på. Problemstillinga mi er foreløpig «Korleis leggje til rette for ein trygg og god overgang heim/barnehage».

Sidan eg har om overgang heim/barnehage er det den pedagogisk leiaren, som har hovudansvaret for denne overgangen, eg ønskjer å intervjuje. Det er ho/han som har mest oversikt over desse rutinane.

Kva inneber deltakinga i studien?

Eg ønskjer å intervjuje Pedagogisk leiar. Dette intervjuet vil vare i omtrent 30 min. Spørsmåla vil handle om overgang, foreldresamarbeid og tilknytning – kva rutinar dei har og kva tankar ho/han har rundt dette. Intervjuet kjem til å bli tatt opp på ein lydopptakar og deretter blir det som er interessant og mest relevant for oppgåva mi transkribert.

Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Intervjuet kjem ikkje til å bli lagt opp til at informanten må oppgi noko personleg. Lydopptaket vil heller ikkje bli brukt til noko anna enn transkribering. Fila med intervjuet blir sletta når bacheloren er ferdig skrevet og levert inn. Innleveringsfrist er den 21. desember.

Det er berre det om er relevant for oppgåva og problemstilliga mi som blir brukt i bacheloroppgåva og alt kjem til å vere anonymt slik at vedkommande ikkje kan bli kjent att i oppgåva.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekkje ditt samtykke utan å oppgi nokon grunn.

Samtykke til deltaking i studien

Eg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)